

Kom bli med på landet

Med fjordabåt og felelåt, me reise i frå byd'n
Å sitja her å Bergen sjå, det er eit fagert syn.
Kom, bli med på landet
Ta med deg fele eller banjo om du har
Kom bli med på landet
Ta deg ein trall for den jenta som du har, om du har.

Når me kjem fra til strila land, er dansen alt i gong.
Då spelar me på kvar ein streng og bere fram vår song.
Kom, bli med på landet
Ta med deg fele eller banjo om du kan
Kom bli med på landet
Ta deg ein trall for den jenta som du har, om du har.

Og neste dag me bryte lag, dei vinkar oss farvel
Og inn te byd'n dei sakte går, for snart så e da kveld.
Kom, bli med på landet
Ta med deg fele eller banjo om du har
Kom bli med på landet
Ta deg ein trall for den jenta som du har, om du har.
Ta deg ein trall for den jenta som du har, om du har.